Varamedlem 3:	Gro Staveland
Varamedlem 4:	Øyvind Valen
Varamedlem 5:	Rune Teikari

Ansatterepresentanter, ref. protokoll av 23.4.2021, er for samme periode:

Styremedlem:	Finn Ulvund	personlig varamedlem:	Thor Arne Larsen
Styremedlem:	Tore Johan Enerstvedt	personlig varamedlem:	Finn Thomas Yven
Styremedlem:	Leon Dale	personlig varamedlem:	Lise Åsheim

2. Representantskapet vedtar følgende endringer i selskapsavtalen § 3-2, første avsnitt:

Avsnittet endres fra: *Styret skal ha 8 medlemmer med personlige varamedlemmer. Disse skal fordeles mellom medlemmer valgt av ansatte og medlemmer valgt av deltagerkommunene slik: Deltagerkommunene - 5 medlemmer, ansatte - 3 medlemmer.*

Til: *Styret skal ha 8 medlemmer, 5 valgt av deltagerkommunene og 3 valgt av og blant de ansatte. Det er for medlem valgt av deltagerkommunene varamedlem i numerisk rekkefølge hvor varamedlem nummer 1 har oppmøterett, men ikke stemmerett. For medlem valgt av de ansatte er det personlige varamedlem.*

3. Representantskapet fastsetter følgende retningslinjer for styregodtgjøring for perioden 2021-2023:

Retningslinjer for godtgjersle til styret i Haugaland brann og redning iks	
Årleg godtgjersle til styreleiar	60 000
Årleg godtgjersle til nestleiar i styret	36 000
Årleg godtgjersle til styremedlem	24 000
Årleg godtgjersle til fast varamedlem	24 000
<i>Styremedlemmer må delta på minst halvparten av møta for å få fullt styrehonorar. Ved deltakelse på mindre enn halvparten av møta, for eksempel 3 av 8 møter, utbetalast 3/8 av styrehonoraret.</i>	
Møtegodtgjersle pr møte for varamedlem	2 000
Møtegodtgjersle pr møte for styreleiar, nestleiar og styremedlem for møter ut over 8 møter pr år	2 000
Dokumentert tapt arbeidsforteneste – øvre grense pr dag	2 200
<i>Det vert ikkje utbetalt refusjon for tapt arbeidsforteneste i forbindelse med styremøter, men kan tilstås styremedlemmer når desse etter avtale representerer selskapet i annan samanheng.</i>	
<i>Tapt arbeidsforteneste/utlegg vert dekkja etter skriftleg krav når arbeidsgjevar har gjort trekk i løn. Trekk i løn skal dokumenterast av arbeidsgjevar.</i>	
<i>Arbeidsgjevar som ikkje trekker arbeidstakar i løn kan krevje å få dekkja utgifter til løn i den tida arbeidstakar har vært fråverande som fylgje av deltaking på møte m.v. for Haugaland Brann og Redning IKS.</i>	
<i>Sjølvtendig næringsdrivande kan maksimalt få 1/1800 del av pensjonsgjevande inntekt frå siste likning pr møtetid. Den maksimale satsen vert avgrensa til 350 kr/time – øvre grense kr 2 200 pr dag.</i>	
<i>Tap/utlegg skal legitimerast og må stå i rimeleg forhold til medgått møtetid. Tap i pårekna overtid eller anna ekstraintekt kan ikkje erstattast.</i>	
<i>Reisegodtgjersle vert dekkja i samsvar med Statens reiseregulativ</i>	

21/006 Styreevaluering

Brannsjefen sin tilråding

1. Styret for Haugaland brann og redning iks tar saken til orientering og tilbakemelding sendes eierkommunene.

Saksbehandling i styret 24.03.2021

Styret ber om at avsnitt 2 under punkt 2 i tilbakemelding fra styret til eiere, endres til:

Kommunikasjon mellom eiere og styret er avgjørende for å lykkes med utviklingen av selskapet i den retning som er fastsett. Det som vurderes som viktig fremover, er å forankre strategien på nytt og sikre at prosesser underveis for å lykkes med dette, er gode. Dette er et gjensidige ansvar.

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks tar saken til orientering og tilbakemelding sendes eierkommunene.

Saksbehandling i representantskapet 23.04.2021

Styreleder informerte om tilbakemelding gitt eierkommunene, ref. skriv av 24.03.2021.

VEDTAK I REPRESENTANTSKAPET

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks tar saken til orientering.

21/007 Samarbeidsavtale med Haugesund, ref. forlikavtale

Brannsjefen sin tilråding

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks tar saken til etterretning.

Saksbehandling i styret 28.01.2021

Det er vurdert til at styret ikke har muligheter for å komme frem til en samarbeidsavtale ut fra de forutsetninger som foreligger. Saken må av den grunn løftes opp til representantskapet for en videre vurdering.

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks tar saken til etterretning.

Saksbehandling i representantskapet 23.04.2021

Daglig leder gikk kort gjennom status i saken.

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

VEDTAK I REPRESENTANTSKAPET

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks tar saken til etterretning.

21/008 Organisering og dimensjonering av hovedbrannstasjon

Brannsjefen sin tilråding

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtar oppstart av hovedbrannstasjon ut fra de kriterier som er gitt i saken.

Saksbehandling i styret 28.01.2021

Organisering og dimensjonering av hovedbrannstasjon har sammenheng med sak 21/004, men det er ikke mulig å utrede dette inngående på nåværende tidspunkt. Som selskap kan vi likevel utrede to alternativ for å synliggjøre forventede synergier.

Forslag til tilråding ble enstemmig vedtatt.

Tilråding i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtar oppstart av hovedbrannstasjon ut fra de kriterier som er gitt i saken.

Saksbehandling i representantskapet 23.04.2021

Daglig leder gikk gjennom status for arbeidet med hovedbrannstasjon.

Det er viktig at eierne er fortløpende orientert, og at eierne spiller organisasjonen god. Til eiermøte blir det gitt en orientering fra prosjektleder for etablering av beredskapssenteret.

Forslag til tilråding ble enstemmig vedtatt.

VEDTAK I REPRESENTANTSKAPET

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtar oppstart av hovedbrannstasjon ut fra de kriterier som er gitt i saken.

21/009 Orientering om drifta

Brannsjefen sin tilråding

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks tar saken til orientering.

Saksbehandling i representantskapet 23.04.2021

Forslag til tilråding ble enstemmig vedtatt.

VEDTAK I REPRESENTANTSKAPET

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks tar saken til orientering.

21/010 Eventuelt

Det ble ikke meldt inn saker under eventuelt.

Innkalling til møte i representantskapet

for Haugaland Vekst IKS

DATO/TID: **Tirsdag 23.04.21**

STED: **TEAMS-møte**

TID: **11.30-12.00**

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 27.03.21

Journalført: 21/1081-4ha/ogk

Arkivkode: 217

Sakliste:

Sak 01/21: Valg av møteleder

Sak 02/21: Godkjenning av innkalling og dagsorden

Sak 03/21: Behandling av årsregnskap 2020

Sak 04/21 Fastsettelse av styrehonorar

Saksdokumentene til sak 03/20 og 04/20 ettersendes.

Vibeke Vikse Johnsen
styreleder

K. Tormod Karlsen
adm.dir.

Representantskapsmøte Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

mandag 26. april 2021 kl. 12.00

Det innkalles herved til digitalt representantskapsmøte i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS den 26. april 2021, kl. 12:00.

Representantskapet er planlagt gjennomført ved at eierkommunene, representert ved representantene, styreleder og revisor innkalles til representantskapsmøte på **Teams**. Det vises til midlertidig lov om unntak fra IKS-loven om unntak fra reglene om fysisk møte i interkommunale selskaper som følge av utbruddet av covid-19.

Forfall meldes til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 50 eller mobil 95 98 69 79 *tha@* eller *post@kontrollutvalgene.no*

Vennligst gi beskjed **innen 7. april om deltakelse**, evt. om vararepresentant skal varsles.

Til behandling foreligger:

- 1/21 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 2/21 Godkjenning av protokoll fra representantskapsmøtet 27.04.20 og særutskrift i sak 13/20 om IKA IKS
- 3/21 Godkjenning av styrets beretning og årsmelding 2020
- 4/21 Godkjenning av årsregnskapet for 2020
- 5/21 Strategiplan 2022-2026 for HKS IKS
- 6/21 Budsjett for 2022
- 7/21 Økonomiplan 2022-2025
- 8/21 Valg av revisor
- 9/21 Referat- og orienteringssaker

Eventuelt

Aksdal 18.03.21

Einar R. Endresen (sign.)
repr.leder

Toril Hallsjø (sign.)
daglig leder

Kopi: Vararepresentanter
Medlemskommunene v/postmottak
Styret
Revisor (KPMG AS)

Innkalling m/saksliste skal sendes ut til medlemmene av representantskapet og deltakerkommunene med **minst 4 ukers varsel** (selskapsavtalen § 10 og § 8 i lov om interkommunale selskaper). **Sakspapirer** skal sendes ut **to uker før møtet**. I år blir det **9.april 2021 (etter styremøte)**.



IKAs deltakere og representantskap

 Haugaland
 Kontrollutvalgssekretariat IKS
 Mottatt dato: 24.03.21
 Journalført: 21/109 Alia/ajh
 Arkivkode: 217

Vår ref.
 21/70-3/033/7

Deres ref.
Dato:
 24.03.2021

Innkalling til representantskapsmøte 27. april 2021

Representantskapet ved Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS kalles med dette inn til årsmøte tirsdag 27. april kl. 10:00. Møtet gjennomføres digitalt via Microsoft Teams.

Saksliste	
01/21	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste
02/21	Valg av referent og to representanter til å underskrive protokollen
03/21	Oppfølging av saker etter forrige representantskapsmøte
04/21	Årsregnskap 2020
05/21	Årsmelding 2020
06/21	Budsjett og tilskuddsberegning for 2022
07/21	Økonomiplan 2022-2025
08/21	Valg av styre for 2021/22
09/21	Valg av valgkomite for 2021/22
10/21	Retningslinjer for valgkomiteen
11/21	Innkomne saker

Eventuelle saker som ønskes behandlet må være tilsendt administrasjonen innen 13. april.

For at representantskapet skal være beslutningsdyktig, må minst to tredjedeler av representantene delta. Det er kun valgte representanter eller valgte vararepresentanter som kan delta på møtet. Vennligst gi beskjed snarest mulig om hvem som vil representere kommunen/selskapet på møtet.

Med hilsen

 Jostein Karlsen
 Representantskapets leder

 Tor Ingve Johannessen
 Daglig leder

Vedlegg.

Generalforsamling for 2020

Det innkalles herved til ordinær generalforsamling i Haugaland Kraft AS den 30. april 2021, kl. 11:00.

På grunn av dagens korona situasjon er det foreløpig ikke konkludert om generalforsamlingen vil bli avholdt digitalt eller som fysisk møte. Nærmere informasjon om gjennomføring vil bli ettersendt.

Til behandling foreligger følgende saker (jfr. vedtektenes § 8 og aksjelovens § 5-5):

Dagsorden / saker:

- Åpning av generalforsamlingen v/styrets leder
- Opprette fortegnelse over fremmøtte aksjeeiere og fullmakter
- Sak 01/21 Godkjenning av innkallingen og dagsorden
- Sak 02/21 Valg av møteleder
- Sak 03/21 Valg av personer til å undertegne protokollen
- Sak 04/21 Redegjørelse om årets drift v/konsernsjef. Olav Linga
- Sak 05/21 Godkjenning av resultatregnskap og balanse for Haugaland Kraft AS og konsernet for 2020, herunder anvendelse av årsoverskuddet og utdeling av utbytte
- Sak 06/21 Godkjenning av revisors honorar
- Sak 07/21 Fastsettelse av styrehonorarer
- Sak 08/21 Orientering om tilbakekjøp av Fjelberg Kraftlag sine aksjer i Haugaland Kraft AS

Vedlegg:

- Forslag til generalforsamlingsprotokoll
- Årsrapport 2020 (sak 05/21)

Forfall og spørsmål bes sendt til olav.linga@hkraft.no og torres.oyjordsbakken@hkraft.no.

Haugesund, 26. mars 2021



Olav Linga
Konsernsjef

Program | #ku21nkrf

DAG 1 - Onsdag 21. april 2021:

09.00 Velkommen

- Rune Tokle, daglig leder i NKRF
- Eva Bratholm, møteleder

Pandemiens virkning på sårbare grupper

- Henning Warloe (H), leder av kontrollutvalget i Bergen kommune

Pandemiens virkning på sårbare barn og unge

- Inga Bejer Engh, barneombud

Smitteverntiltakenes virkning på folkehelse på andre områder

- Pål Surén, forsker, Folkehelseinstituttet (FHI) [erstattet Camilla Stoltenberg]

Samtale mellom Warloe, Engh og Surén

09.50 Pause

10.00 Kommunenes rolle i smittevernarbeidet

- Espen Rostrup Nakstad, assisterende helsedirektør i Helsedirektoratet

10.25 Kommunenes rolle i smittevernarbeidet – sett fra kommunenes ståsted

- Bjørn Arild Gram, styreleder i KS

10.45 Pause

11.00 Etter koronatida kommer læretida

- Karl Anders Nilsen (Sp), nestleder av kontrollutvalget i Stavanger kommune [erstattet Aleksander Stokkebø]
- Svein Kvalvåg, senior forvaltningsrevisor i Rogaland Revisjon IKS

11.30 Samtale mellom innlederne

12.00 Slutt for dagen

DAG - Torsdag 22. april 2021:

09.00 Er vi rigget for kriser?

- Elisabeth Aarsæther, direktør i Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)

09.30 Når krisen er der

- Anders Østensen (A), ordfører i Gjerdrum kommune

9.45 Datainnbruddet i Østre Toten kommune

- Bror Helgestad (Sp), ordfører i Østre Toten kommune

10.00 Samtale mellom Aarsæther, Østensen og Helgestad

10.15 Pause

10.30 Varsling i kommunene – hva gjør du når det varsles på toppledelsen?

- Sissel C. Trygstad, forskningssjef i Fafo

10.55 Hva er kontrollutvalgets rolle når det varsles på toppledelsen?

- Torbjørn Brandt, seniorrådgiver i Konsek Trøndelag IKS
- Ove Morten Haugan (A), leder av kontrollutvalget i Verdal kommune

11.05 Pause

11.15 Samtale mellom Trygstad, Brandt og Haugan

11.30 Kåseri

- Tor Dølvik, spesialrådgiver i Transparency International Norge og medlem av Kommunesektorens etikkutvalg

12.00 Slutt

Fagkonferanse 1.-2. juni 2021 – Digital

Velkommen til fagkonferansen 2021, 1.-2. juni

Den årlige fagkonferansen 1.- 2. juni, skal arrangeres digitalt. Beslutningen ble tatt av styret 15. mars. Programmet vil tilpasses til et digitalt opplegg. Vi kommer tilbake med mer informasjon om organiseringen av arrangementet

Program:

Dag 1: 09.00 til ca. 12.00

- Samspillet mellom stat og kommune i en krisetid
- Hvordan har kontrollutvalget i en ny sammenslått kommune funnet sin rolle i et år med pandemi?
- Henvendelser til kontrollutvalget – til besvær eller begjær?

Dag 2: 09.00 til ca. 12.30

- Hva er “kommunal økonomisk bærekraft” og hvordan angår det kontrollutvalget?
- Evaluering av valg til kontrollutvalg
- Kommunalt barnevern i et internasjonalt søkelys
- Habilitet i kommuner – kan vi snakke om rollekarusell? Saker som har vært omtalt i media

Detaljert program blir lagt ut når det er klart

Konferanseavgift:

- Kr 2 900 (ikke medlem kr 3 300)
- Kr 1 900 for en dag (ikke-medlem 2 300)

Påmelding: løpende

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	05.05.21	10/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – ØKONOMISJEF

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå økonomisjefen om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

Saksorientering

Utvalet vedtok i møtet 16.06.20, sak 14/20 følgjande:

<i>Møtet 09.09.20</i>	<i>administrasjonen v/rådmann</i>
<i>Møtet 04.11.20</i>	<i>oppvekst v/kommunalsjef Eide</i>
<i>03.02.21</i>	<i>helse og omsorg v/kommunalsjef Gjerdevik</i>
05.05.21	økonomiavd. v/økonomisjef Bang
<i>16.06.21</i>	<i>personal- og organisasjonssjef v/Dahle</i>
<i>08.09.21</i>	<i>samfunnsutviklar v/kommunalsjef Sandvik</i>

Tidsramma vert sett til 30 - 40 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen si drift og dei utfordringane kommunen har. Planen/invitasjonen blei oversendt kommunedirektøren 18.06.20

Vindafjord kontrollutval har utforma følgjande tre spørsmål som kommunalsjefen blir beden om å svare på i orienteringa:

Kan det gjerast rede for korleis den enkelte avdeling ligg i henhold til budsjett, ved avvik venlegast kom med ei kort oppsummering på kvifor?

Hvor mange aviksmeldingar er motteke ved din/dine avdelingar og på kva måte blir dei handterte?

Korleis er sjukefråværet pr. avdeling og kva evt. tiltak blir satt i verk for å redusere dette?

Økonomisjefen har i e-post til sekretariatet 21.4.21 gjort merksam på at dei tre spørsmåla som er sendt over tidlegare ikkje passar så godt til økonomiavdelinga. Økonomisjefen leiar ein støttefunksjon utan nokon andre einingar under seg. Han vil presentera økonomieininga og kva dei jobbar med, inkludert ulike aktuelle satsingar og utfordringar. Han vil også svara på spørsmål.

Aksdal, 28.04.21

Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr.
Kontrollutvalet	05.05.21	11/21
Formannskapet	08.06.21	
Kommunestyret	22.06.21	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	212	

VINDAFJORD KOMMUNE - UTTALE TIL REKNESKAPEN FOR 2020

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling:

Vindafjord kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2020 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegg).

Kontrollutvalet tilrår at Vindafjord kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020.

Vedlegg:

1. Framlegg til uttale til årsrekneskap og årsmelding for 2020
2. Revisjonsmelding for 2020 frå Deloitte AS v/revisor Else Holst-Larsen
3. Revisjonsrapport 2020, nr. 6 – dagsett 15.04.21
4. Årsmelding og årsrekneskap 2020 – eige vedlegg

Innleiing

Sekretariatet vil vise til vedlagte dokument. Heile rekneskapen med notar og årsrapport for 2020 ligg også på kommunen si nettside.

Forutan revisor, vil også kommunedirektør og økonomisjef delta under handsaminga av saka.

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal etter kommunelova § 14-3 tredje ledd gje uttale om årsrekneskapet og årsmeldinga. Uttalen skal oversendast til kommunestyret med kopi til formannskapet. Uttalen må vere klar før formannskapet skal gje si innstilling til årsrekneskapet og årsmeldinga.

Vidare står det også i forskrift om kontrollutval og revisjon § 3:

«Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsmeldingen før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak».

Rekneskapen må difor fyrst leggjast fram for kontrollutvalet før det vert handsama i formannskapet.

Kontrollutvalet skal også sjå til at rekneskapsrevisor sine påpekingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller følgt opp. Dersom påpekingane ikkje blir retta eller følgt opp, skal kontrollutvalet rapportere det til kommunestyret.

Frist for rekneskapsrevisor til å gje revisjonsmelding til kommunestyret er seinast 15. april i følge § 24-8. Administrasjonen har frist med levering av årsrekneskapen seinast 22. februar og årsmelding innan 31. mars. Revisor sin frist er sett til 15. april.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å bestemme kva uttalen skal innehalde. Lova eller forskrifta stiller ikkje konkrete krav til kva uttalen skal innehalde, utover at den skal knytte seg til forhold i årsrekneskapen eller årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsberetning.

Det følgjer imidlertid av lova at kontrollutvalet si uttale skal inngå i grunnlaget for kommunestyret si handsaming av og vedtak om årsrekneskap og årsmelding. Kontrollutvalet si uttaleplikt må ses i ljøs av dette, og uttalen skal såleis knytte seg til forhold ved årsrekneskapet eller årsmeldinga.

Det primære utgangspunktet for kontrollutvalet sin uttale vil dermed vere dei feil og manglar eller andre forhold som rekneskapsrevisor har tatt opp i tilknytning til rekneskapsrevisjonen, jf. koml. § 24-5 til § 24-8.

Kontrollutvalet har eit ansvar for at det vert ført kontroll med økonomiforvaltninga. Dette kontrollansvaret gjeld økonomiforvaltninga generelt, og går utover kontrollen med sjølve rekneskapen og årsmeldinga som regnskapsrevisor har ansvar for. Kontrollutvalet si plikt til å uttale seg om årsrekneskapen og årsmeldinga inneberer *ikkje* eit krav om at kontrollutvalet skal uttale seg om kommunens økonomiforvaltning generelt, utover det som gjeld forhold ved årsrekneskapet eller årsmeldinga.

Det bør framkomme i uttalen om revisor har tatt atterhald eller har merknader i revisjonsberetninga eller har avgitt ein normalberetning. Det bør vurderast om dei formelle krava til årsmelding er følgt, jf. § 14-7 om kva ein årsmelding skal gjere greie for.

Hovudformålet med økonomiforvaltninga etter kommunelova § 14-1 er å ivareta økonomisk handleevne. Kommunestyret skal sjølv vedta finansielle måltall for utviklinga av kommunens økonomi, og vil normalt omtale utviklinga i finansielle måltall i årsmeldinga, jf. kommuneloven § 14-7 punkt a).

Kontrollutvalet kan velje å kommentere utviklinga av måltalla. Det same gjeld kommunens økonomiske situasjon som heilskap, men dette må basera seg på årsmeldinga og må vere ei nøktern vurdering frå kontrollutvalet si side. Det er kommunestyret som har stått for alt låneopptak i ein kommune og kontrollutvalet skal ikkje kritisere slike disposisjonar.

Dersom frist for avgi årsrekneskapen eller årsmeldinga ikkje vert følgt, bør dette vurderast tatt inn i kontrollutvalet si uttale.

Det er formannskapet som skal avgi innstilling når det gjeld årsrekneskap og årsmelding.

Kontrollutvalet kan til dømes ha følgjande avslutning i sin uttale:

Kontrollutvalget er ikke kjent med andre forhold, fremkommet i dialog med revisor, som kunne hatt betydning for utvalgets uttalelse, jf. kommuneloven § 11-2. 5

Kontrollutvalget anbefaler at kommunestyret godkjenner årsregnskapet og årsmeldinga.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Vindafjord kommune sitt avlagde årsrekneskap for 2020 og notar, revisjonsmeldinga, revisjonsrapport og kommunedirektøren sin årsmelding.

Årsrekneskapen

Rekneskapen for 2020 viser kr 618 mill. i generelle driftsinntekter. Brutto driftsresultat (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivningar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringar) ble på 26,5 mill. kroner, 16 mill. kr høgare enn fyrst budsjettert.

Netto driftsresultat er brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnadar. Netto driftsresultat blei på 47,1 mill. kr mot regulert budsjett på 25,3 mill.kr. Det utgjør 5,8 % av samla driftsinntekter.

Resultatet enda 39,3 mill. kroner høgare enn budsjettert. I 2020 fekk Vindafjord kommune 30,2 mill. i eigedomsskatt og 9,8 mill. frå Havbruksfondet. Koronapandemien har òg påverka kommunerekneskapen. Både kostnadane og inntektene auka som følge av pandemien.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene blir nytta som et mål på økonomisk handlingsfridom. Teknisk berekningsutval (TBU) og KS tilrår at denne storleiken over tid bør liggje på rundt 1,75 prosent for å ha ein sunn økonomi. I 2019 var netto driftsresultatet på 1,5 %, og i 2020 var det 5,8 %. Resultatet ligg i år godt øve det TBU tilrår.

Pr 31.12.2020 har Vindafjord kommune ei langsiktig gjeld, utanom pensjonsforpliktingane, på 554,6 millionar kroner. Startlån utgjør om lag 17 millionar kroner av gjelda. I tillegg har kommunen netto pensjonsforpliktingar på 58,1 millionar kroner. Totalt sett utgjør Vindafjord kommune si netto lånegjeld 59,2 %. Kommunen sitt disposisjonsfond utgjør 18,3 %.

Ved utgangen av 2020 var kommunen godt innafor alle dei tre handlingsreglane/måltala.

Landet generelt

KOSTRA-tala frå SSB viser eit samla netto driftsresultat i snitt på 2,4 % i 2020. Det er ei auke frå 2019. Teknisk beregningsutvalg (TBU), kor Kommunaldepartementet og KS er representert, har definert netto driftsresultat som det viktigaste nøkkeltalet for kommunane sin økonomi. Både KOSTRA-tall og rekneskapsundersøking til KS visar at spreininga i netto driftsresultat er stor.

59 avslutta koranaåret 2020 med eit negativt netto driftsresultat, i følgje SSB. I fjor var det 179 kommunar, så ein klår forbetring. Samstundes ligg 200 av kommunane øve det tilrådde nivåret på 1,75 % for solid drift.

Driftsresultata blant kommunane på Haugalandet ligg frå 0,9 (Bokn) til 9,1 % (Utsira) med dei fleste mellom 4-6 %.

Investeringsrekneskapen

Sum utgifter i investeringsrekneskapen i 2020 er på 57,1 mill. kr. Regulert budsjett var på 182,9 millionar kroner. Avviket mellom budsjett og rekneskap skuldast i all hovudsak tidsforskyving og etterslep av investeringar.

Notar

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekkje notar som bør vera med i rekneskapen.

Notane som er utarbeidde til rekneskapen i år er nokolunde dei same som tidligare år.

Årsmelding/årsrapport

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding/-rapport som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stoda og resultatet av verksemda, samt om andre forhold av vesentleg tyding for kommunen.

Den skal gjere greie for følgjande:

- a) *forhold som er viktige for å bedømme **den økonomiske utviklingen** og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid,*
- b) *vesentlige beløpsmessige **avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet**, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene,*
- c) *virksomhetens **måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning** for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne,*
- d) *tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å **sikre en høy etisk standard**,*
- e) *den faktiske tilstanden når det gjelder **kjønnslikestilling**,*
- f) *hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle **arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.***

Årsrapporten gjer utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i rapporten.

I årsrapporten har kommunedirektøren kome med mellom anna følgjande kommentar om økonomien:

Også i 2020 såg ein eit meirforbruk mot opphavleg budsjett, særskilt innanfor rammeområdet helse og omsorg. Samstundes såg ein og noko effekt av ein del av dei økonomiske tiltaka som vart sett i verk gjennom året. Rammeområdet hadde og størstedelen av kostnadane kommunen fekk som følgje av Covid-19, og det er difor veldig utfordrande å samanlikne driftsresultatet for 2020 mot tidlegare år. Lønnsoppgjeret for 2020 var og sterkt prega av pandemien, og lønnsauken vart mykje lågare enn det som var opphavleg budsjettert.

Også på inntektssida var 2020 noko unormalt. Gjennom året vart kommunane kompensert av regjeringa for ekstrakostnadane vi fekk som følgjer av pandemien. I mars/april låg kommunen an til eit større tap på verdipapir, men i løpet av året endra marknaden seg slik at resultatet til slutt enda over budsjett. Samstundes vart og rentenivået nasjonalt redusert til null, noko som igjen medførte at rentekostnadane for

kommunen vart lågare enn budsjettert. Vidare vart utbetalinga frå Havbruksfondet mykje høgre enn det som var budsjettert. Til sist enda skatteinngangen i Vindafjord langt over både landsgjennomsnitt og budsjettet. Samla sett gav dette eit godt økonomisk resultat for kommunen, med eit "netto driftsresultat" på heile 5,8 %.

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I revisjonsrapport kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han/ho finner grunnlag for å kommentere desse. Kommunedirektøren skal då ha høve til å gje sin uttale.

Revisor si revisjonsmelding

Revisjonen har lagt fram si revisjonsmelding, dagsett 15. april 2021. Revisor har avlagt så kalla rein melding eller standardberetning, dvs. utan atterhald eller presiseringar.

Revisor konkluderer med at:

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Revisor har, i tillegg til meldinga, også kome med ei revisjonsrapport, nr. 6. Ved interimrevisjonen har dei kartlagt og testa nokre interne kontrollar, vidare utført kontrollar av vesentlege inntekt- og kostnadspostar. Revisjon av årsrekneskapen har i stor grad vore retta mot å verifisere balansepostane pr. 31.12. Revisor har heller ikkje i år kome med noko som kommunen bør sjå nærare på.

I revisjonsrapporten konkluderer revisor med at:

Kommunen har gjennomgåande etablert tilfredstillande rutinar, og det er ikkje avdekket vesentlege feil og manglar ved rekneskapsføringa eller årsrekneskapen. Vi opplever dialogen med kommunen som svært open og god, og vi har fått tilgang til all informasjon vi har bede om.

I møtet vil revisor gje ei munnleg orientering om innhaldet om revisjonen gjennom året og av årsoppgjeret.

Meldinga frå revisor dannar grunnlaget for om den oppfølginga kontrollutvalet eventuelt må foreta i medhald av kommunelova § 24-7. Kontrollutvalet skal vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på merknaden i revisjonsrapporten eller noko anna revisjonen tar opp i møtet.

Sekretariatet meiner ut frå det tilsendte ikkje at det er naudsynt å be om nokon tilbakemelding.

Kontrollutvalet sin uttale

KMD (kommunal og moderniseringsdepartementet) har på nyåret 2021 laga eit høyringsutkast og ein rettleier i forhold til uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsmelding. Det som er vesentleg endra frå regnskapsåret 2020, er at uttalen frå kontrollutvalet også gjeld årsmeldinga.

Med bakgrunn i dette held sekretariatet seg til dei dokumenta (årsmelding/årsrapport) som kommunen har oversendt, og dessutan revisjonsrapport og revisjonsberetning frå revisor.

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen og årsmelding som vedlegg 1.

Kontrollutvalet må elles vurdere om det er forhold i årsrekneskapen dei vil spesielt kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringa gjeve i møtet.

Aksdal, 28.04.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Til kommunestyret i Vindafjord

Kontrollutvalet sin uttale om Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2020

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 05.05.21, sak 11/21 handsama årsrekneskap og årsmelding for 2020 for Vindafjord kommune, samt tilhøyrande revisjonsmelding dagsett 15.04.21.

Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsmelding dagsett 15.04.21, revisjonsrapport nr. 6 dagsett 15.04.21 og kommunedirektøren sin årsmelding 2020. I tillegg har revisor, kommunedirektør og økonomisjef supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaminga av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Vindafjord kommune har i 2020 eit positivt netto driftsresultat med 47,1 mill. kr, som utgjer 5,8 % av driftsinntektene. Det er eit mykje betre resultat enn i 2019, som var på 1,5 %. Resultatet i 2020 er godt øve teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2020, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2020 og for kommunen si økonomiske stoda pr. 31.12.20.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, som er kome fram i dialog med revisor, som kunne hatt noko å seie for utvalet sin uttale, jf. kommuneloven § 11-2.

Ut over ovannemnde og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet, samt revisors orientering om årsoppgjeret og revisjonsmeldinga, har ikkje kontrollutvalet merknader til årsrekneskapen til Vindafjord kommune for 2020.

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020.

Ølen, 05.05.21

Kristian H. Rasset
Leiar av kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet

Til kommunestyret i Vindafjord kommune

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Vindafjord kommune, som viser eit netto driftsresultat på kr 47 105 268. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2020, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening er årsrekneskap gitt i samsvar med lov og forskrift, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen, slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunens årsrapport, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese den ytterlegare informasjonen, for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som

vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift, god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av kommunedirektøren, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggssopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.
- hentar vi inn tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis om den finansielle informasjonen til rekneskapseiningane som inngår i konsolidert årsrekneskap, for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følgje opp og gjennomføre revisjonen av den konsoliderte årsrekneskapen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og kommunedirektøren, mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Vindafjord kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik

Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premisser for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal kommunedirektøren forklare vesentlege

beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlige avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlige beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlige avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei fråsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Kontroll av vesentlige budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlige budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Haugesund 15. april 2021

Deloitte AS



Else Holst-Larsen

statsautorisert revisor

Kopi:

Kontrollutvalget

Formannskapet/fylkesutvalget

Kommunedirektøren/

Kommune-/fylkesrådet

Vindafjord Kommune
 Att.: Kontrollutvalget
 Rådhuset

Rådhusplassen 1
 5580 Ølen

15.04.2021

Revisjonsrapport nr.6
 (journalføres)

REVISJONSRAPPORT 2020

Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2020, og vil nytt høvet til å gje ei kort tilbakemelding om revisjonsarbeidet og formidla observasjonar som det etter vår vurdering er viktig at leiinga i kommunen er informert om.

Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som nødvendige for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og som grunnlag for vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører ein risikobasert revisjon. Dette inneber at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisera kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Vi vil presisera at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablera og gjennomføra ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette skal leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formues forvaltninga er ordna på ein trygg måte.

Kommunen har gjennomgåande etablert tilfredsstillande rutinar, og det er ikkje avdekkja vesentlege feil eller manglar ved rekneskapsføringa eller årsrekneskapen. Vi opplever dialogen med kommunen som svært open og god, og vi har fått tilgang til all informasjon vi har bede om.

Revisjonen gjennom året

Ved interimrevisjonen har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa om vesentlege interne kontrollar har fungert i heile rekneskapsperioden. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på rekneskapen. Vidare har vi utført kontroll av vesentlege inntekts- og kostnadspostar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekkja forhold som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

Dokumentasjonen på årsrekneskapen som er blitt lagt fram for revisjon har hatt tilfredsstillande kvalitet.

Revisjonen av årsoppgjæret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stort grad vore retta mot å verifisera balansepostane pr. 31.12.2020. Vi har lagt vekt på å kontrollera at inntekter og gjeld er fullstendige og at egedelar og utgifter er gyldige. I tillegg har vi avstemt/kontrollert større inntektspostar, som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege kostnader/utbetalingar, som løn, tilskot, avdrag og avskrivningar.

Periodisering og bokføring pr årsslutt

Det er avdekket 2 faktura på flyt som skulle vært med i investeringsrekneskapen pr 31.12.20. Feilen er under grensa for vesentlege feil på MNOK 9,2, men er over grensa for kva som skal rapporteras til kontrollutvalget då sum faktura er MNOK 1,4.

Vi anbefaler at forholdet blir rettet opp i og at ein sørger for at ein bokfører faktura i riktig periode

Avvika er ein indikasjon på svak intern kontroll, og kunne blitt fanga opp av gode oppfølgingsrutinar i forbindelse med periodeavslutning.

Avslutning

Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre forhold, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS

Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

Kopi: Rådmann

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	05.05.21	12/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR REKNESKAPSÅRET 2020 – REVISOR SI ATTESTASJON OM ØKONOMIFORVALTNINGA

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2020 til orientering.

Vedlegg: Attestasjonsuttale om økonomiforvaltninga for Vindafjord kommune – Deloitte AS, dagsett 15.04.21

Bakgrunn

Ifølgje kommuneloven § 24-9 skal «regnskapsrevisor se etter om kommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen».

Dette vert kalla forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga.

I følgje Deloitte har dette vore ein del av deira rutine også tidlegare år, men det nye for dei er at det skal skrivast ut ei eigen attestasjon for denne kontrollen.

Lovforarbeida visar til intensjonen med dette at revisor innanfor ei avgrensa ressursramme kan bidra til å førebygge svakheiter og sikre at kommunen følgjer sentrale bestemmelser og vedtak på økonomiområdet. Dette vil byggje opp under god økonomiforvaltning, openheit og tillit til forvaltningspraksis og kan også gje kontrollutvalet eit betre grunnlag til å tinge forvaltningsrevisjon og andre undersøkingar.

Det er sagt at revisor skal ha ei brei tilnærming, men likevel at kontrollen skal gjerast innanfor ei avgrensa ressursramme. Dette vil mellom anna krevje ei god risiko- og vesentlegvurdering hos revisor.

Det er mellom anna vist til eksemplar på områder/tema for mulig forenkla etterlevingskontroll innan:

- Sjølvkost
- Offentlege anskaffingar
- Offentleg støtte
- Etterleving GDPR
- Driftstilskot til private barnehagar
- Tilskot/overføringar til private
- Kontraktsoppfølgjing.

Ikrafttreding for § 24-9 var satt frå fyrste konstituerande kommunestyre i 2020.

Uttale for 2020

Deloitte AS har gjeve si uttale, dagsett 15.04.21, for Vindafjord kommune om perioden 01.01-31.12.20. Attestasjonsuttalen er vedlagt saksframlegget.

Revisor konkluderer med:

«Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på forhold som gir oss grunn til å tro at Vindafjord kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i regelverket.

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt ansvar med økonomiforvaltningen og til Vindafjord kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål».

Revisor vil i tillegg gje ei munnleg orientering til utvalet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kommer fram noko spesielt i møtet, vil sekretariatet tilrå at kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte til orientering

Aksdal, 28.04.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Til

Kontrollutvalget i Vindafjord kommune

UAVHENGIG REVISORS ATTESTASJONSUTTAELSE OM ETTERLEVELSE AV BESTEMMELSER OG VEDTAK FOR ØKONOMIFORVALTNINGEN

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Vindafjord kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen.

Vi har kontrollert perioden fra 01.01.2020 – 31.12.2020.

Ledelsens ansvar for etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Kommunedirektøren er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at økonomiforvaltningen utøves i tråd med bestemmelser og vedtak, og at økonomiforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneholder uavhengighetskrav og andre krav basert på grunnleggende prinsipper om integritet, objektivitet, faglig kompetanse og tilbørlig aktsomhet, fortrolighet og profesjonell oppreden.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og forenklet revisorkontroll av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester) har Deloitte AS et tilstrekkelig kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å avgi en uttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning.

Vi baserer oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering som er lagt frem for kontrollutvalget.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 301, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for at bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen etterleveres. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i en revisjonsberetning.

Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på forhold som gir oss grunn til å tro at Vindafjord kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i regelverket.

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt ansvar med økonomiforvaltningen og til Vindafjord kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål.

Haugesund, 15. april 2021
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	05.05.21	13/21
Kommunestyret	22.06.21	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «ØKONOMISTYRING INNAN HELSE OG OMSORG»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Økonomistyring innan helse og omsorg» til orientering.

Saksvedlegg: tilbakemelding frå kommunedirektøren, dagsett 19.04.21

Bakgrunn:

Vindafjord kommunestyre vedtok samrøystes i møtet 15.12.20, sak 75/20 følgjande:

1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Økonomistyring innan helse og omsorg» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 6 tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen var å undersøke ressursbruken i helse og omsorg i Vindafjord kommune, samt å undersøke i kva grad det er etablert system for å følgje opp økonomien i helse- og omsorgstenestene gjennom året.

Revisor sine seks tilrådingar kjem punktvis fram i kommunedirektøren si tilbakemelding.

Oppfølging/tilbakemelding

Vedlagt saka er kommunedirektøren si tilbakemelding dagsett 19.04.21. Kommunedirektøren har punktvis gjort grundig greie for korleis kvar av dei seks tilrådingane har blitt følgt opp, og skriv følgjande:

1. Utarbeide eit realistisk budsjett som mellom anna tar høgde for ei bemanning som er naudsynt for å dekke ein forsvarleg grunnturnus.

Før kommunen starta sin budsjett prosess for 2021 vart det starta eit arbeid med å sikre rett ressursfordeling mellom institusjonane i Vindafjord kommune. Arbeidet og metoden er mellom anna utvikla i eit KS nettverk som har sett på ulike bemanningsfaktorar på ulike type institusjonar. Arbeidet starta opp på bakgrunn av at det var vanskeleg og samanlikne kostnader på tvers av kommunar og mellom institusjonar i same kommune, og et ynskje om å finna gode ressursfordelingsmodellar/ budsjettmodellar. Sjølv innanfor sjukeheimar og det høge hjelpebehovet brukarane der skal ha, kan det være eit stort spenn mellom den minst ressurskrevjande pasienten og den mest ressurskrevjande pasienten.

Når ein budsjetterer innanfor tenester som helse og omsorg er det tre hovudgrupper av type teneste.

-Institusjonar/Sjukeheimar

-Heildøgnsbemanna bustader

-Heimetenester, ambulerande heimesjukepleie og praktisk hjelp

Alle desse har kvar sine driftsmessige ulikskap som det er viktig å kjenne til i budsjettarbeidet. I Vindafjord kommune har me valt å fokusere først på institusjon/sjukeheim då det er der dei største avvika har vore.

Grunnutfordringa er at kva som er forsvarleg grunnbemanning ikkje eit statisk behov, det kan svinge mykje over tid og det kan endre seg endre seg frå ein dag til den andre. Tenestene har ikkje kontroll på "input" av tenestebehov, der er ein prisgitt ulike deler av spesialisthelstene eller kva lovkrav brukarar har til ulike kommunale tenester. Samstundes som tenestebehov kan endre seg fort kan ikkje planlagt ressursinnsats endre seg like fort. Planlagt nivå i turnus held fram til ein kan justere turnus med dei lovar og reglar som styrer det. Desse utfordringane har nok blitt tydelegare etter samhandlingsreformen.

Ei grunnbemanning som dekker alle eventualiteter vil generere eit driftsnivå som ligger langt over det som det er budsjettmessig rom for i ein kommune, samstundes må ikkje grunnbemanninga være så låg at det det alltid er eit gap mellom budsjett og mogleg drift.

Det blir derfor nødvendig å definere kva ressursar og driftsnivå som er naudsynt for å drifte ulike avdelingar i ein normal situasjon. Kommunen har kartlagt dei ulike avdelingane med tanke på kva ressursbehov ein treng for å drifte desse, det er tatt utgangspunkt i nokre kommunar som var med i kartleggingsprosjektet og har enda opp med tilrådd pleiefaktor slik det framgår av tabellen under.

I Vindafjord legger ein opp til ein modell som fordeler ressursar til einingane basert på desse pleiefaktorane.

<i>Avdeling</i>	<i>Pleiefaktor</i>
<i>Ordinær somatisk sjukeheims plass (langtid)</i>	<i>0,8</i>
<i>Plass i skjerma avdeling for demens</i>	<i>0,8</i>
<i>Forsterka skjerma avdeling demens</i>	<i>1,1</i>
<i>KAD (kommunal øyeblikkeleg hjelp)</i>	<i>0,96</i>
<i>Forsterka plass lindrande pleie</i>	<i>0,96</i>
<i>Korttidsplass</i>	<i>0,96</i>
<i>Rehabiliteringsplass</i>	<i>1,1</i>

Pleiefaktor er antal årsverk av helsepersonell delt på antal bebuerar. Det betyr at leing, administrative ressurer, reinhald, kjøkken og vaskeri ikkje er rekna med. Når all ressursinnsats er med kallar ein det gjerne bemanningsfaktor.

Når denne fordelinga er gjort og einingane har redusert driftsnivået sitt til vedtatt nivå, må det lagast nye bemanningsplanar og deretter nye turnusar som reflekterer nytt driftsnivå og ny ressursfordeling.

2. Identifisere og dokumentere kva tiltak som er naudsynt å sette i verk for å lukke avvik mellom ressursbehov og budsjетtramme.

Ifrå samandrag 4. avsnitt

«Årsakene til meirforbruket innan pleie og omsorg er samansette og er knytt til fleire faktorar som også heng saman; talet ressurskrevjande brukarar, pleietyngde og noko høg bruk av institusjonsbaserte tenester, samtidig som det ikkje er budsjетtert tilstrekkelege midlar til å dekke naudsynt bemanning slik aktiviteten i tenestene er i dag. Dette har medført meirforbruk mellom anna på løn og vikarbruk.»

Ifrå Punkt 4.4 Vurdering “For å redusere avviket mellom budsjетt og ressursbruk i pleie og omsorg må ein enten vurdere å tilpasse budsjетtramma til aktivitetane, eller sette i verk tiltak for å tilpasse aktivitetane til budsjетtramma. Det er mogleg at det kan vere aktuelt å gjere begge deler i dette tilfelle”

Overnemde sitat oppsummerer mykje av dei sentrale i problemstillingane knytta til realistisk budsjетtering og kva tiltak som er naudsynt for å redusere avvik innanfor helse og omsorg, og at samanhengane er samansette. Å tilpasse budsjетtramma til aktivitet er det same som å justere budsjетtramma til den aktivitet som til ein kvar tid gjeldande, og eller justere ned aktivitet for å minske gapet mellom budsjетt og rekneskap.

Etter administrasjonen sitt syn er det 3 hovudgrep som er nødvendig for over tid å finne betre balanse mellom budsjетt og rekneskap.

Hovudgrep 1

Budsjетtramma til helse og omsorg må aukast (frå 2020 nivå). Ein del områder har vore underbudsjетtert over fleire år, då ein har ikkje funne rom for denne auken. I tillegg er det mest sannsynleg at behovet for tenester innanfor helse og omsorg sitt ansvarsområde vil auke

i åra framover. Dette heng i første rekke saman med demografi utviklinga i kommunen, det blir fleire eldre i kommunen og talet på kven som treng bistand vil mest sannsynleg auke. Overføring av oppgåver frå spesialisthelstena til kommunane, og rettighetsfesting innanfor ulike brukergrupper vil også medføre auka press på ressursane i framtida.

Hovudgrep 2

Aktiviteten må reduserast på nokre områder der det er rom for reduksjon og der reduksjonen faktisk har ein effekt og ikkje automatisk medfører tilsvarande kostnader eller meir kostnadskrevjande tiltak andre plasser.

Hovudgrep 3

Ressursbruken i dei ulike tenestene må være på eit nivå som er forsvarleg og tilstrekkeleg. Kommunen må nokre områder justera ned forventning og tenesteyting til det som ein har ressursar til over tid. I dette ligg nøktern utmåling av tenester, effektivisering av drift gjennom gode og effektive arbeidstidsordningar, utnytting av potensiale i velferdsteknologi.

Iverksette tiltak:

Kommunestyret har i budsjettvedtaket for 2021 allereie tatt nokre grep som adressere dei vurderingane som kjem fram i rapporten og som vil være ein god start på å redusere avviket i helse og omsorg, men ein ubalanse på rundt 30 millionar tar tid å korrigere.

Kommunestyret har auka ramma for å tilpasse aktivitet med om lag 10 millionar kroner i budsjett for 2021.

Kommunestyret har vedtatt å redusere talet på plassar i institusjon med 7 plassar, med ein moglegheit for reduisering av ytterlegare 2 plassar om kommunedirektøren finn det tilrådeleg.

Kommunestyret har også vedtatt at turnusordningar innan pleie og omsorg skal vurderast i løpet av året. Vurdering/evaluering av omorganiseringa i pleie og omsorg er planlagt gjennomført i 2021.

I tillegg er arbeidet med innfasing og utrulling av velferdsteknologi er pågåande.

3. Sikre at einingsleiarane får tilstrekkeleg opplæring i økonomi- og budsjettssystemet og i å utarbeide treffsikre prognosar.

I 2021 er det lagt opp til tettare oppfølging frå økonomi-eininga mot alle rammeområda, inkludert helse og omsorg, gjennom året. Dette vil i praksis skje i form av at økonomi er fast punkt på statusmøte for rammeområda med jamne mellomrom, og at økonomi-eininga deltek for opplæring og diskusjonar på aktuelle tema.

I samband med budsjettarbeidet for 2021 blei det gjennomført fleire digitale «workshops» som fekk gode tilbakemeldingar internt. I desse arbeidsøktene kan alle sitte å jobbe med rapporten sin og eventuelt ta ordet/spørje om ein treng hjelp. Denne arbeidsforma er vidareført i 2021, både på 1-til-1 nivå og for grupper.

Kommunen sin mal for rapportering er spissa, og fokus på prognose er enda meir tydeleggjort.

Kommunen bytta budsjett- og rapporteringssystem med verknad frå 2020. I 2021 er det planlagt å utvide bruken av systemet med rapportering på fleire område enn berre økonomi for å skape ei meir heilskapleg rapportering både internt og til politisk nivå.

4. Sikre at det er tilstrekkeleg tydeleg kven som har ansvar for å identifisere og melde inn tiltak for å redusere omfanget av eventuelle budsjettoverskridingar undervegs i året, og for å treffe avgjersler knytt til dette.

Kven som har ansvar for kva er skrifteleggjort i oppdatert rutine for månadleg økonomirapportering. Det er eit eige felt i månadsrapporten (jf. svar i pkt. 5) for å rapportere kva tiltak budsjettansvarleg har sett i gang eller skal setje i gang for å redusere omfanget av negative budsjettavvik. Det er sett krav til at alle som prognoserer meirforbruk skal bruke dette feltet. Det er tydeleggjort i rutinen kva type tiltak som er innafør budsjettansvarleg sitt mynde og kva som må løftast opp.

5. Sørge for at rapporteringa til politisk nivå er tilstrekkeleg tydeleg med omsyn til:

- a) Årsaker til ev. avvik mellom ressursbruk og budsjett
- b) Kva tiltak som blir sett i verk for å redusere forbruk ved ev. overskridingar, og kva kostnadsreduksjon som er venta
- c) Ev. behov for budsjettjustering (om ikkje tiltaka dekker behovet).

I rapportering frå einingane til kommunalsjef og vidare til kommunedirektør, og i rapporteringa vidare til politisk nivå, vert det i større grad lagt vekt på å forklare avvik mellom drift og budsjett. I dialogen mellom leiinga og einingsleiarane har det vore fokus på at avvik skal forklarast konkret, men overordna, i den månadlege rapporteringa.

Gjennom rapporteringa i Framsikt er det tatt i bruk ei ny rapporteringsfane for tiltak, der det er meldt ei forventning om at einingar som har avvik i form av meirforbruk, og ein prognose på eit meirforbruk mot slutten av året, skal rapportere på moglege og planlagde tiltak for å redusere avviket. For tiltak som ikkje ligg innanfor einingsleiar sitt mynde må den som har mynde fatte vedtak om tiltaket skal iverksetjast.

Kommunedirektøren har fullmakt til å foreta budsjettendringar mellom einingar, internt på rammeområda, og dette er noko som vert vurdert fortløpande saman med økonomisjef og ansvarleg kommunalsjef. Om det er behov for budsjettendringar som inneber endring av rammeområda si nettobevilling, vert dette meldt til politisk nivå, og normalt handsama i samband med tertialrapport.

6. Vurdere om det med omsyn til tydelegheita i den politiske rapporteringa er føremålstenleg at barneverntenesta blir omtalt under rammeområde helse og omsorg i budsjett og rekneskapsrapportering.

Kommunedirektøren vurderer løypane om den kommunale organiseringa er formålstenleg. I dette ligg det både om kommunalsjefane sine ansvarsområde er handterlege, og korleis dette blir løyst i rapporteringa i budsjett og rekneskapsrapportering.

Når det gjeld rapportering til politisk nivå, så «kjenner» kommunestyret i utgangspunktet berre kommunedirektøren, slik at organiseringa skal ikkje ha nokon innverknad her. I tillegg er det slik at barnevernet høyrer heime under Utval for Oppvekst og Omsorg (OPOM) sitt ansvarsområde, der begge aktuelle kommunalsjefar stiller i fellesskap, og kan svare ut dei spørsmål som oppstår.

Internt opplever kommunedirektøren det ikkje som ei utfordring å følgje opp verken kva ansvarsområde dei ulike kommunalsjefane har, og kva einingar som ligg under dei ulike kommunalsjefane.

På bakgrunn av dette ser ikkje kommunedirektøren behov for å endre organisasjonen på dette området på grunn av budsjettoppbygging og rekneskapsrapporteringa.

Sekretariatet sine kommentarar

I følgje kommunelova § 23-2 bokstav e og forskrift for kontroll og revisjon § 5, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at forvaltningsrevisjonar blir følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal også rapportere til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er kommunedirektøren sitt ansvar.

Kontrollutvalet kan også rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Dette synes ikkje være aktuelt i denne saka. Tilbakemeldinga frå kommunedirektøren viser at tilrådingane er følgt opp, forbetringstiltak er sett i verk og det er lagt planar for vidare oppfølging.

Aksdal, 28.04.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Vindafjord kommune

Dato: 19.04.2021

Dokumentnummer: 20/2758-3

Dykkar referanse:

Saksbehandlar: Sigurd Gjerdevik

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat Iks
Postboks 57
5575 AKSDAL

Kommunedirektøren si tilbakemelding til kontrollutvalget, forvaltningsrevisjon økonomistyring Helse og omsorge

Det vert vist til vedtak i kommunestyret i sak 075/20, med anmodning om tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak. I det følgande ligg kommunedirektørens tilbakemelding på dei seks tilrådingane frå revisjonsrapporten.

1. Utarbeide eit realistisk budsjett som mellom anna tar høgde for ei bemanning som er naudsynt for å dekke ein forsvarleg grunnturnus.

Før kommunen starta sin budsjett prosess for 2021 vart det starta eit arbeid med å sikre rett ressursfordeling mellom institusjonane i Vindafjord kommune. Arbeidet og metoden er mellom anna utvikla i eit KS nettverk som har sett på ulike bemanningsfaktorar på ulike type institusjonar. Arbeidet starta opp på bakgrunn av at det var vanskeleg og samanlikne kostnader på tvers av kommunar og mellom institusjonar i same kommune, og et ynskje om å finna gode ressursfordelingsmodellar/ budsjettmodellar. Sjølv innanfor sjukeheimar og det høge hjelpebehovet brukarane der skal ha, kan det være eit stort spenn mellom den minst ressurskrevjande pasienten og den mest ressurskrevjande pasienten.

Når ein budsjetterer innanfor tenester som helse og omsorg er det tre hovudgrupper av type teneste.

-Institusjonar/Sjukeheimar

-Heildøgnsbemanna bustader

-Heimetenester, ambulerande heimesjukepleie og praktisk hjelp

Alle desse har kvar sine driftsmessige ulikskap som det er viktig å kjenne til i budsjettarbeidet. I Vindafjord kommune har me valt å fokusere først på institusjon/sjukeheim då det er der dei største avvika har vore.

Grunnutfordringa er at kva som er forsvarleg grunnbemanning ikkje eit statisk behov, det kan svinge mykje over tid og det kan endre seg endre seg frå ein dag til den andre. Tenestene har ikkje kontroll på "input" av tenestebehov, der er ein prisgitt ulike deler av spesialisthelstene eller kva lovkrav brukarar har til ulike kommunale tenester. Samstundes som tenestebehov kan endre seg fort kan ikkje planlagt ressursinnsats endre seg like fort. Planlagt nivå i turnus held fram til ein kan justere turnus med dei lovar og reglar som styrer det. Desse utfordringane har nok blitt tydlegare etter samhandlingsreformen.

Ei grunnbemanning som dekker alle eventualiteter vil generere eit driftsnivå som ligger langt over det som det er budsjettmessig rom for i ein kommune, samstundes må ikkje grunnbemanninga være så låg at det det alltid er eit gap mellom budsjett og mogleg drift. Det blir derfor nødvendig å definere kva ressursar og driftsnivå som

er naudsynt for å drifte ulike avdelingar i ein normal situasjon. Kommunen har kartlagt dei ulike avdelingane med tanke på kva ressursbehov ein treng for å drifte desse, det er tatt utgangspunkt i nokre kommunar som var med i kartleggingsprosjektet og har enda opp med tilrådd pleiefaktor slik det framgår av tabellen under. I Vindafjord legger ein opp til ein modell som fordeler ressursar til einingane basert på desse pleiefaktorane.

Avdeling	Pleiefaktor
Ordinær somatisk sjukeheims plass (<u>langtid</u>)	0,8
Plass i skjerma avdeling for demens	0,8
Forsterka skjerma avdeling demens	1,1
KAD (kommunal <u>øyeblikkeleg</u> hjelp)	0,96
Forsterka plass <u>lindrande</u> pleie	0,96
Korttidsplass	0,96
Rehabiliteringsplass	1,1

Pleiefaktor er antal årsverk av helsepersonell delt på antal bebuerar. Det betyr at leiing, administrative ressurer, reinhald, kjøkken og vaskeri ikkje er rekna med. Når all ressursinnsats er med kallar ein det gjerne bemanningsfaktor.

Når denne fordelinga er gjort og einingane har redusert driftsnivået sitt til vedtatt nivå, må det lagast nye bemanningsplanar og deretter nye turnusar som reflekterer nytt driftsnivå og ny ressursfordeling.

2. Identifisere og dokumentere kva tiltak som er naudsynt å sette i verk for å lukke avvik mellom ressursbehov og budsjetttramme.

Ifrå samandrag 4. avsnitt

«Årsakene til meirforbruket innan pleie og omsorg er samansette og er knytt til fleire faktorar som også heng saman; talet ressurskrevjande brukarar, pleietyngde og noko høg bruk av institusjonsbaserte tenester, samtidig som det ikkje er budsjettert tilstrekkelege midlar til å dekke naudsynt bemanning slik aktiviteten i tenestene er i dag. Dette har medført meirforbruk mellom anna på løn og vikarbruk.»

Ifrå Punkt 4.4 Vurdering

“For å redusere avviket mellom budsjett og ressursbruk i pleie og omsorg må ein enten vurdere å tilpasse budsjetttramma til aktivitetane, eller sette i verk tiltak for å tilpasse aktivitetane til budsjetttramma. Det er mogleg at det kan vere aktuelt å gjere begge deler i dette tilfelle”

Overnemde sitat oppsummerer mykje av dei sentrale i problemstillingane knytta til realistisk budsjettering og kva tiltak som er naudsynt for å redusere avvik innanfor helse og omsorg, og at samanhengane er samansette. Å tilpasse budsjetttramma til aktivitet er det same som å justere budsjetttramma til den aktivitet som til ein kvar tid gjeldande, og eller justere ned aktivitet for å minske gapet mellom budsjett og rekneskap.

Etter administrasjonen sitt syn er det 3 hovudgrep som er nødvendig for over tid å finne betre balanse mellom budsjett og rekneskap.

Hovudgrep 1

Budsjetttramma til helse og omsorg må aukast (frå 2020 nivå). Ein del områder har vore underbudsjettert over fleire år, då ein har ikkje funne rom for denne auken. I tillegg er det mest sannsynleg at behovet for tenester

innanfor helse og omsorg sitt ansvarsområde vil auke i åra framover. Dette heng i første rekke saman med demografi utviklinga i kommunen, det blir fleire eldre i kommunen og talet på kven som treng bistand vil mest sannsynleg auke. Overføring av oppgåver frå spesialisthelstenesta til kommunane, og rettighetsfesting innanfor ulike brukergrupper vil også medføre auka press på ressursane i framtida.

Hovudgrep 2

Aktiviteten må reduserast på nokre områder der det er rom for reduksjon og der reduksjonen faktisk har ein effekt og ikkje automatisk medfører tilsvarende kostnader eller meir kostnadskrevjande tiltak andre plasser.

Hovudgrep 3

Ressursbruken i dei ulike tenestene må være på eit nivå som er forsvarleg og tilstrekkeleg. Kommunen må nokre områder justera ned forventning og tenesteyting til det som ein har ressursar til over tid. I dette ligg nøktern utmåling av tenester, effektivisering av drift gjennom gode og effektive arbeidstidsordningar, utnytting av potensiale i velferdsteknologi.

Iverksette tiltak

Kommunestyret har i budsjettvedtaket for 2021 allereie tatt nokre grep som adressere dei vurderingane som kjem fram i rapporten og som vil være ein god start på å redusere avviket i helse og omsorg, men ein ubalanse på rundt 30 millionar tar tid å korrigere.

Kommunestyret har auka ramma for å tilpasse aktivitet med om lag 10 millionar kroner i budsjett for 2021.

Kommunestyret har vedtatt å redusere talet på plassar i institusjon med 7 plassar, med ein moglegheit for reduisering av ytterlegare 2 plassar om kommunedirektøren finn det tilrådeleg.

Kommunestyret har også vedtatt at turnusordningar innan pleie og omsorg skal vurderast i løpet av året. Vurdering/evaluering av omorganiseringa i pleie og omsorg er planlagt gjennomført i 2021.

I tillegg er arbeidet med innfasing og utrulling av velferdsteknologi er pågåande.

3. Sikre at einingsleiarane får tilstrekkeleg opplæring i økonomi- og budsjettssystemet og i å utarbeide treffsikre prognosar.

I 2021 er det lagt opp til tettare oppfølging frå økonomi-eininga mot alle rammeområda, inkludert helse og omsorg, gjennom året. Dette vil i praksis skje i form av at økonomi er fast punkt på statusmøte for rammeområda med jamne mellomrom, og at økonomi-eininga deltek for opplæring og diskusjonar på aktuelle tema.

I samband med budsjettarbeidet for 2021 blei det gjennomført fleire digitale «workshops» som fekk gode tilbakemeldingar internt. I desse arbeidsøktene kan alle sitte å jobbe med rapporten sin og eventuelt ta ordet/spørje om ein treng hjelp. Denne arbeidsforma er vidareført i 2021, både på 1-til-1 nivå og for grupper.

Kommunen sin mal for rapportering er spissa, og fokus på prognose er enda meir tydeleggjort.

Kommunen bytta budsjett- og rapporteringssystem med verknad frå 2020. I 2021 er det planlagt å utvide bruken av systemet med rapportering på fleire område enn berre økonomi for å skape ei meir heilskapleg rapportering både internt og til politisk nivå.

4. Sikre at det er tilstrekkeleg tydeleg kven som har ansvar for å identifisere og melde inn tiltak for å redusere omfanget av eventuelle budsjettoverskridingar undervegs i året, og for å treffe avgjersler knytt til dette.

Kven som har ansvar for kva er skriftleggjort i oppdatert rutine for månedleg økonomirapportering. Det er eit eige felt i månadsrapporten (jf. svar i pkt. 5) for å rapportere kva tiltak budsjettansvarleg har sett i gang eller skal setje i gang for å redusere omfanget av negative budsjettavvik. Det er sett krav til at alle som prognoserer meirforbruk skal bruke dette feltet. Det er tydeleggjort i rutinen kva type tiltak som er innafør budsjettansvarleg sitt mynde og kva som må løftast opp.

5. Sørge for at rapporteringa til politisk nivå er tilstrekkeleg tydeleg med omsyn til:

- a) Årsaker til ev. avvik mellom ressursbruk og budsjett
- b) Kva tiltak som blir sett i verk for å redusere forbruk ved ev. overskridingar, og kva kostnadsreduksjon som er venta
- c) Ev. behov for budsjettjustering (om ikkje tiltaka dekker behovet)

I rapportering frå einingane til kommunalsjef og vidare til kommunedirektør, og i rapporteringa vidare til politisk nivå, vert det i større grad lagt vekt på å forklare avvik mellom drift og budsjett. I dialogen mellom leiinga og einigsleiarane har det vore fokus på at avvik skal forklarast konkret, men overordna, i den månedlege rapporteringa.

Gjennom rapporteringa i Framsikt er det tatt i bruk ei ny rapporteringsfane for tiltak, der det er meldt ei forventning om at einingar som har avvik i form av meirforbruk, og ein prognose på eit meirforbruk mot slutten av året, skal rapportere på moglege og planlagde tiltak for å redusere avviket. For tiltak som ikkje ligg innanfor einingsleiar sitt mynde må den som har mynde fatte vedtak om tiltaket skal iverksetjast.

Kommunedirektøren har fullmakt til å foreta budsjettendringar mellom einingar, internt på rammeområda, og dette er noko som vert vurdert fortløpande saman med økonomisjef og ansvarleg kommunalsjef. Om det er behov for budsjettendringar som inneber endring av rammeområda si nettobevilling, vert dette meldt til politisk nivå, og normalt handsama i samband med tertialrapport.

6. Vurdere om det med omsyn til tydelegheita i den politiske rapporteringa er føremålstenleg at barneverntenesta blir omtalt under rammeområde helse og omsorg i budsjett og rekneskapsrapportering

Kommunedirektøren vurderer løypande om den kommunale organiseringa er formålstenleg. I dette ligg det både om kommunalsjefane sine ansvarsområde er handterlege, og korleis dette blir løyst i rapporteringa i budsjett og rekneskapsrapportering.

Når det gjeld rapportering til politisk nivå, så «kjenner» kommunestyret i utgangspunktet berre kommunedirektøren, slik at organiseringa skal ikkje ha nokon innverknad her. I tillegg er det slik at barnevernet høyrer heime under Utval for Oppvekst og Omsorg (OPOM) sitt ansvarsområde, der begge aktuelle kommunalsjefar stiller i fellesskap, og kan svare ut dei spørsmål som oppstår.

Internt opplever kommunedirektøren det ikkje som ei utfordring å følgje opp verken kva ansvarsområde dei ulike kommunalsjefane har, og kva einingar som ligg under dei ulike kommunalsjefane.

På bakgrunn av dette ser ikkje kommunedirektøren behov for å endre organisasjonen på dette området på grunn av budsjettoppbygging og rekneskapsrapporteringa.

Med helsing

Yngve Folven Bergesen
kommunedirektør

Sigurd Gjerdevik
kommunalsjef helse og omsorg

Dokumentet er godkjent elektronisk.